

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 29.09.16
SAKSHANDSAMAR: Berit Berntsen
SAKA GJELD: Oppnemning av medlemmer til valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF 2017/ 2018

ARKIVSAK:
STYRESAK: **048/16**

STYREMØTE: **04.10.2016**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

- Styret i Sjukehusapoteka Vest utnemner valstyre bestående av:

Linda Baug Tjore, (leiar / tilsettere representant frå FF/Parat)
Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant frå NFF)
Berit Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR og org. sjef)

- Valet koordinerast med tilsvarande val i Helse Vest i tråd med førebels framdriftsplan sjå vedlegg.

Oppsummering

«Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styrever» vart sett i verk i 2003. Forskrifta seier at « *de ansatte, både i det regionale helseforetaket og i de helseforetakene det eier, har rett og plikt til å velge medlemmer til det regionale helseforetakets styre, uansett det totale antall ansatte i helseregionen*».

Dei tilsette i Sjukehusapoteka Vest har i samsvar med føretaket sine vedtekter 3 av i alt 9 medlemmer.

Helse Vest RHF føreslår at valdato blir 14.02.2017.

Det etablerast valstyre som har i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med lov og forskrift.

Etablering av valstyre skal skje i samsvar med forskrifta § 8 :

«Valget ledes av et valgstyre. Valgstyret skal bestå av minst tre personer med stemmerett, hvorav en leder og en nestleder. De ansatte og foretakets ledelse skal ha minst en representant hver i valgstyret. Når styrerepresentasjon for de ansatte er etablert, herunder ved en midlertidig avtalebasert ordning, oppnevnes valgstyret av foretakets styre. Dersom slik representasjon ikke er etablert, skal valgstyret oppnevnes av foretakets daglige leder, eller den vedkommende gir fullmakt, sammen med de ansattes tillitsvalgte. Dersom valgstyret må oppnevnes gjennom avstemning, er det bare de ansattes representanter som har stemmerett. Foretakets ledelse skal dog ha anledning til å oppnevne en representant i valgstyret. Medlemmer av valgstyret som ikke kan eller ønsker å fungere lenger, skal erstattes snarest.»

I samsvar med forskrift til helseføretakslova blir det gjennom denne saka oppnemnd representantar til valstyret.

Sjukehusapoteka Vest har 3 arbeidstakarorganisasjonar med rettigheter i høve til Hovudavtala. Dei har historisk i fellesskap nominert to representantar til valstyret. Arbeidstakars representant vart utnemnt i leiarmøte 15.09.2016.

Konklusjon

Administrasjonen anbefaler styret i Sjukehusapoteka Vest HF til å utnemne følgjande kandidatar til valstyre for val av tilsette sine representantar med varamedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF;

Linda Baug Tjore, (leiar / tilsettere representant frå FF/Parat)
Marit Ceselie Svendsen (nestleiar / tilsettere representant frå NFF)
Berit Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR og org.sjef)

For å sikre best mogleg ressursutnytting og kostnadseffektivitet anbefaler administrasjonen at val av tilsettere representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF samordnast med tilsvarande val i Helse Vest RHF og i dei andre helseføretaka.

Vedlegg

1. Førebels framdriftsplan